

Plenumsmøte i Europaparlamentet 13 - 16. desember: Covid, Russland, regulering av BigTech, kritikk av rettsstatsutviklinga i Slovenia og Polen

Brusselbrev frå Per S. Nestande

Stortingets Brusselkontor.

17. desember 2021

- *Stor støtte til vaksiner som viktig verktøy i kampen mot covid i EU, men EU må gjere meir for å sikre global vaksinerings*
- *Støtte til kraftige reaksjonar mot Russland dersom landet viser ytterlegare aggresjon mot Ukraina*
- *Europaparlamentet er snart klare til forhandlingar om nye reguleringar av Big Tech og ynskjer strengare krav enn Kommisjonen har gjort framlegg om*
- *Kritikk mot rettsstatsutviklinga i Polen og Slovenia. EPP fekk kritikk for å la vere ta partipolitiske omsyn i sin manglande kritikk av Slovenia.*
- *Roberta Metsola (EPP, Malta) har styrka sjansane til å bli ny president i Europaparlamentet i januar*
- *Europaparlamentets delegasjon til det parlamentariske partnerskapet med Storbritannia, har konstituert seg*

Europaparlamentet heldt sitt plenumsmøte i Strasbourg denne veka. På grunn av pandemien var det igjen mange medlemmar av parlamentet (MEP) som deltok digitalt, men det vart mange tema på dagsorden. Dette omfatta:

Diskusjon om toppmøtet og tiltak mot covid

Europaparlamentet hadde onsdag ein felles debatt om møtet i Det europeiske råd 16. desember og om tiltak mot covid, jf. også denne [pressemeldinga frå Europaparlamentet](#). I debatten deltok både kommisjonspresident Ursula von der Leyen og den slovenske utanriksministeren Anze Logar som representerte Rådet. På grunn av covid, er toppmøtet redusert til ein dag og har dermed [ein tettpakka dagsorden](#). Tema var mellom anna situasjonen i Ukraina og Kviterussland, migrasjon, sikkerheitspolitikk og covid. Det var toppmøte i Det austlege partnerskapet i forkant av møtet i Det europeiske råd, og dessutan eurotoppmøte i etterkant. Sjå også [konklusjonane frå toppmøtet](#).

Logar viste til at mange land har innført nye tiltak pga. omikron-varianten. Det er viktig å sikre koordinering av tiltaka mellom landa og at dei er proporsjonale og ikkje hindrar fri bevegelse i den indre marknaden meir enn nødvendig. EU skal jobbe for å sikre rask utvikling og godkjenning av nye vaksiner og å legge til rette for raskare vaksinerings av alle. Samstundes skal EU fortsatt bidra til global vaksinedeling og –produksjon. Han viste elles til at EUs forsvars- og sikkerheitssamarbeid står på dagsorden på toppmøtet, inkludert styrka partnerskap med NATO. Det blir jobba med ei ny felles fråsegn og spørsmålet vil igjen bli drøfta på toppmøtet i mars 2022.

Von der Leyen sa seg lei for at det igjen blir ei jul i Europa som er prega av pandemien. Samstundes sa ho at pandemien har vore utan sidestykke, men at det har også EUs reaksjon på den vore. Ho viste mellom anna til tiltak for styrka helseberedskap i EU, felles

vaksinesertifikat, arbeidet med raskare vaksinegodkjenning og også til at EU bidrar globalt. Ho sa Kviterussland har starta eit hybridåtak mot EU og roste medlemslanda for samhald i denne situasjonen. EU vil fortsette med målretta sanksjonar. Samtidig var ho glad for at 3500 migrantar nå er trygt returnert frå Kviterussland til opphavslanda. EU ynskjer eit godt tilhøve til Russland, men det avheng av Russlands oppførsel både når det gjeld gassleveransar og auka spenning på grensa mot Ukraina. EU vil ikkje nøle med å trappe opp eksisterande tiltak eller innføre nye tiltak utan sidestykke dersom Russland viser ytterlegare aggresjon mot Ukraina.

I debatten var det semje blant eit stort fleirtal av representantane om at vaksiner er det viktigaste i kampen mot pandemien i EU, men ulike syn på om vaksinekrav er vegen å gå. Det kom kritikk av medlemslanda for manglande koordinering av tiltak mot omikron. Det gjer det svært vanskeleg for folk som skal reise, å få oversikt over reglane. Samstundes var det mange som åtvara mot effektane av den globale skeivfordelinga av vaksiner og at det også ville slå tilbake på innbyggjarane i den rike delen av verda. EU må derfor dele vaksiner, teknologi og medisinar med land mellom anna i Afrika. Både Dei grøne og ytre venstre-gruppa tok igjen til orde for at EU må støtte framlegg i WTO om oppheving av vaksinepatent. Det var samstundes også nokre representantar, spesielt frå ytre høgre-gruppa (ID) og den konservative gruppa (ECR), som var skeptiske til at vaksiner er løysinga og viste til at det nå er nødvendig å finne måter å leve med viruset på. Enkelte tok til orde for å satse meir på naturleg immunitet eller meinte at eit vaksinekrav er i strid med grunnleggjande rettar i EU.

Det var også stor grad av semje om å opptre resolutt mot Russland. Det er ikkje Russland som skal bestemme kva land Ukraina skal kunne samarbeide med. Ytre høgre-gruppa meinte EU må erkjenne at Russland er ein aktør som må få plass ved forhandlingsbordet. Vi må ut av den sinnsvake sanksjonspolitikken vart det mellom anna sagt. Det vart også peika på at EU og EU-landa ikkje er konsistente når dei kritiserer Russland samstundes som dei gjer seg meir avhengig av russisk gass gjennom North Stream 2-rørledningar. Enkelte meinte også at EU burde ha kraftigare tiltak mot Tyrkia framfor å fokusere på Russland.

Det kom fram svært ulike syn på energikrisa. ID og ECR meinte det grøne skiftet er årsaken til dei høge prisane og viste til at EU ikkje kan beskytte miljøet for ein kvar pris. Det er også viktig å kome vekk frå ein dogmatisk motstand mot kjernekraft. Den grøne gruppa åtvara på si side kraftig mot å opne for at kjernekraft og gass skal bli definert som grønt i EUs taksonomireglar.

Semje om retningslinjer for energiinfrastruktur

Europaparlamentet og Rådet vart denne veka samde om nye reglar for kva type energiinfrastruktur som kan få EU-støtte, såkalla prosjekt av felles interesse. Det er mellom anna semje om å auke støtta til hydrogen og karbonfangst- og lagring, medan støtte til gass skal fasast ut. Det er viktig å unngå auka kostnader for forbrukarane.

Mot strengare regulering av Big Tech

Europaparlamentet er klart for forhandlingar med medlemslanda om nye reguleringar for Big Tech. Det var i desember 2020 Europakommisjonen la fram ein lovpakke som omfatta framlegg til Digital Services Act (DSA) og Digital Markets Act (DMA). DSA er eit rammeverk for korleis teknologiselskap overvakar innhald på sine plattformer. DMA skal mellom anna sikre at nye aktørar ikkje blir hindra i å etablere seg på grunn av store dominerande selskap, jf. [omtale i Stortingets EU/EØS-nytt](#). [Plenumsmøtet godkjente](#) med 642 mot berre 8 røyster og 46 som avsto, Parlamentets posisjon for DMA. Parlamentet er mellom anna opptatt av auke interoperabilitet mellom ulike meldingstenester og plattformer for sosiale media. Det bør bli lettare å slette eller installere appar på tvers av ulike konkurrentar. Parlamentet vil også ha større bøter for brot på regelverket. I debatten var det stor grad av semje om at det er viktig å sikre opne og rettferdige marknader og at EU bør ligg i front med regulering på dette området. [Medlemslanda har også vedtek sine felles posisjonar](#) for DSA og DMA.

Indre marknadskomiteen (IMCO) vedtok tysdag si innstilling til DSA med 37 mot 7 røyster og 2 som avsto. Det er venta at det vil bli røysta over innstillinga i plenum i januar og at det dermed er klart for trilogforhandlingar på nyåret også om dette framlegget. IMCO gjekk mellom anna inn for at forbrukarar sjølv skal kunne avgjere om dei vil bli spora på nettet og motta målretta reklame. Slik målretting mot barn skal alltid vere forbode meiner komiteen. Sjå [Europaparlamentets pressemelding](#) og omtale av saken i [Europaportalen](#).

Rettsstatssituasjonen i Polen og Slovenia

Europaparlamentet drøfta [utviklinga for rettsstaten i Polen](#) også på dette plenumsmøtet. Mange i debatten viste til negative utviklingstrekk knytt til domstolane, abortlovgjeving, LHBTIQ-frie soner og ikkje minst lite framgang i artikkel 7-prosedyren mot landet. Medlemmer av det polske regjeringspartiet og ein del andre MEP la vekt på at debatten er politisk motivert og at det er opp til Polen å regulere dei spørsmåla det er strid om.

[Parlamentet vedtok også en resolusjon](#) om grunnleggjande rettar og rettsstaten i Slovenia som har EU-formannskapet dette halvåret. Debatten kom mellom anna etter at den slovenske statsministeren kom med antisemitiske meldingar på twitter. I debatten skulda sentrum venstre-gruppa (S&D), EPP for å sette partipolitikk framfor grunnleggjande verdiar. S&D meiner EPP har vore tilbakehalden i kritikken av den slovenske statsministeren som er med i EPP. Resolusjonen vart vedteke med eit relativt knapt fleirtal på 356 mot 284 røyster og 40 som avsto. Det var EPP, ECR og ID som røysta mot.

Europeisk ungdomsår 2022

2022 er Europeisk ungdomsår. Dette skal mellom anna bidra til å inkludere unge både i nasjonal og Europeisk politikktutforming. [Europaparlamentet gjekk inn](#) for å auke løyvingar til utdanningsprogrammet Erasmus+ og til Det europeiske solidaritetskorpset.

Krav om reglar mot kjønnsbasert cybervald

[Europaparlamentet ynskjer europeisk lovgjeving](#) for å hindre kjønnsbasert cybervald og rett til oppreising i samsvar med Istanbul-konvensjonen. Parlamentet viser også til at offline vald mot kvinner og LHBTIQ-personar er eit vedvarande problem. Kjønnsbasert vald bør stå på

lista over såkalla EU-kriminalitet. Det vil medføre eit stadfesting av at dette er ei grensekryssand problemstilling.

Ghanas president vil ha nytt partnerskap mellom Afrika og EU

President i Ghana, Nana Akufo-Addo, tok i [ei tale til plenumsmøtet](#) til orde for eit nytt partnerskap mellom Afrika og EU og eit meir likeverdig tilhøve for handel. Han kritiserte vaksinenasjonalisme. Han kritiserte også at EU-landa bruk store ressursar på å hindre migrantar frå å kome til Europa framfor å bruke ressursar på å utvikle økonomiske aktivitet i Afrika.

Delegasjon til det parlamentariske partnerskapet med Storbritannia

Den 9. desember var [Europaparlamentets nye delegasjon](#) til det parlamentariske partnerskapet med Storbritannia, konstituert. Delegasjonen som har 35 faste medlemmar, blir leia av Nathalie Loiseau (Frankrike, Renew).

Debatt om kristen identitet og ordet jul

Europaparlamentet drøfta kristen identitet og bruken av ord som jul, onsdag. Debatten kom etter at EUs likestillingskommissær, Helena Dali, hadde fått utarbeida interne retningslinjer i Kommisjonen for å kommunisere inkluderande. Retningslinjene er seinare skrinlagde, men det hindre ikkje ein [timelang debatt under plenumsmøtet](#) etter initiativ frå leiaren av sentrum høgre-gruppa (EPP), Manfred Weber. Medan ein del representantar meinte energiprisar og fattigdom er viktigare enn dette spørsmålet, var Weber og ein del andre opptatt av at dette også er ein viktig debatt.

Val av ny parlamentspresident i januar

Visepresident i Europaparlamentet, Roberta Metsola frå Malta, er EPPs kandidat til vervet som president i Parlamentet. Etter valet i 2019 vart dei tre største gruppene (EPP, S&D og Renew) samde om at David Sassoli (S&D, Italia) skulle ha vervet fyrste halvdel av perioden og EPP i andre halvdel. Presidenten i Kommisjonen har også EPP-tilknytning medan presidenten i Det europeisk råd er knytt til Renew. Ein del i S&D-gruppa, har teke til orde for at det vil vere uheldig om EPP får to presidentverv. Sassoli sjølv har tidlegare i haust ikkje utelukka ein ny periode, men avklarte denne veka at det likevel ikkje er aktuelt. Dette kjem etter at Renew, inkludert president Macron i Frankrike, sa avtalen frå 2019 vil bli respektert. Metsola har dermed gode sjansar for å bli vald, sjølv om hennar motstand mot abort, fell enkelte tungt for brystet. S&D skal vurdere å krevje ein ny generalsekretær i Europaparlamentet i staden for Klaus Welle som også har EPP-tilknytning. Val av ny parlamentspresident vil skje i januar.

Sanksjonar mot MEP etter brot på koronakrav

Ved starten av møtet informerte parlamentspresident Sassoli at 6 MEP har brote reglane om koronasertifikat i Europaparlamentet ved at dei har gått inn i Europaparlamentet utan å vise sertifikat. 2 av desse fekk ei åtvaring, 3 mista dagpengane i 2 dagar og 1 i 7 dagar. Dei kan

anke avgjerda. Europaparlamentet innførte tidlegare i haust eit krav om at både MEP og tilsette må vise gyldig koronasertifikat for å komme inn. Fleire MEP meinte dette var lovstridig, men fekk ikkje støtte frå EU-domstolen.

Med beste helsing

Per S. Nestande

seniorrådgjevar
Stortingets Brussel-kontor
internasjonal avdeling



Telefon: +47 23 31 36 11

Mobil: +47 917 68 598

E-post: psn@stortinget.no

www.stortinget.no